

Retningslinjer for forskottering av spelemidler

1. Fjord kommune ønskjer å bidra til realisering av idrettsanlegg i kommunen. Føremålet med retningslinjene er å forskottere spelemiddeltilskot til anlegg medan søkjar ventar på å få utbetalt spelemidler.
2. Forskottering kan gjevast til anlegg og område: der søknad formelt er godkjent av fylkeskulturavdelinga
3. Søknad om utbetaling av forskottering skal sendast Fjord kommune som kan forskottere godkjent søknadssum, maksimalt 1. million kr. Kommunestyret gjer vedtak i kvar einskild sak.
4. I kvart einskild høve skal ein inngå ein låneavtale mellom anleggseigar og Fjord kommune som skal innehalde krav om tryggleik for det forskotterte beløpet.
5. Utbetalinga kan delast opp i fleire delutbetalingar i høve framdrift og økonomiske utlegg. Første utbetaling kan ikkje skje før arbeidet har starta opp.
6. For å unngå for stor rentebelastning på mottakar av forskotterte spelemidler, betaler mottakar renter éin gong i året rekna frå det året dei første gong får utbetalt kommunale forskotterte midlar.
7. Anleggseigar skal føre rekneskap i tråd med dei retningslinjene som er kravd i føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet.
8. Uavhengig av om spelemidler er løyvd, skal rekneskapen sendast til Fjord kommune så snart den er ferdig. Frist vert sett av kommunen og vil variere etter omfanget på anlegget.
9. For anlegg som ikkje blir ferdigstilt innan fastsett frist, kan forskotterte midlar bli kravd tilbakebetalt. I tilfelle der tilskot tilsvarande forskottert beløp ikkje vert oppnådd, er anleggseigar ansvarleg for tilbakebetaling av differansen.
10. Anleggseigar skal sjå til at anlegget blir ferdigstilt så snart som råd. Ved utbetaling av spelemidler skal Fjord kommune trekke frå forskottert beløp og ev ubetalte renter før restbeløpet vert overført til anleggseigar.